

Oppdrag:	Fv 5442 Stordalen. Skredfarevurdering i forbindelse med opning av vinterstengt veg			Fagrapport-nummer:	22051-GEO-NOT-02		
Oppdragsgivar:	Anne Fagerhaug	Planfase:	drift	Ant. vedlegg:		Rev.	00
Kommune:	Høyanger	Vegnr.: Fv	5442	Vegref.:	SxDx	Km:	
UTM 32 ref.:	N6797708.85 Ø-381.25	ÅDT: 50		PKK/Geoteknisk kategori:			
Utarbeida av:	Tor Ivar Birkeland	Kontrollert av:	Tore Medgard				

Fv. 5442 Stordalen. Skredfarevurdering i forbindelse med opning av vinterstengt veg 2022. Notat nr 2 .

1. Innleiing


Egil Førde (UE til Mesta som har driftskontrakta i dk 1203 Nordhordland) arbeider med å opne Fv 5442 frå Stordalen til Bjordal etter at den har vore vinterstengt. 25.04.2022 har entreprenør frest seg opp til skredpunktet Krokavatnet VI(også kalla Ura). På denne staden er vegen lagt tett inntil ei sidebratt fjellside, der det vanlegvis byggjer seg ut skavlar på toppen. Synfaringa vart utført av Anne Fagerhaug og Tor Ivar Birkeland. Synfaringa vart utført ved hjelp av drone og på ski i sideterrenget. Det er tidlegare utarbeida notat med skredfarevurdering i forbindelse med fresing forbi skredpunktet Fridalsvatnet I (fagrapport nr: 22051-GEO-NOT -01).

2. Skildring av området/snøforholda

Ved skredpunktet Krokavatnet VI(Ura) og Krokavatnet VII er vegen lagt tett inntil ei bratt nord-vest vendt fjellside. Relieff frå veg til topp fjellside er om lag 150 meter og brattleiken er varierende men nær vertikal i toppen. Sjå figur 1 for brattleikskart over området. Ved skredpunktet Krokavatnet VI(Ura) er vegen lagt gjennom ei ur og det er ofte problem med stein i snøen under fresing. På synfaringsdagen vart det ikkje observert stein på overflata av snøen på denne staden. På nedsida av dette skredpunktet(Ura) er det eit vatn.

Nær toppen av fjellsida er terrenget nært vertikalt og det plar bygge seg ut skavlar ved begge skredpunkta. I år(på synfaringsdagen) er skavlane mindre enn vanleg og det er observert lite eller ingen overheng på Skavlane. Det er observert lite eller berre byrjande sig i snødekket over vegen ved begge skredpunkta. Sjå figur 2 for bilete av skredpunktet Krokavatnet VII og figur 3 og 4 for bilete av losneområde ved skredpunktet Krokavatnet VI(Ura).


På synfaringsdagen var det nattefrost og -2°C i skuggen om morgonen(kl 09.30). Ut over dagen vart det varmare med om lag 3°C(650moh) i skuggen(kl 12.00) og tilnærma vindstille heile dagen. Grunna nattefrosst var snøoverflata svært hard(knife-pencil) og berande til fots. Det vart gravd snøprofil for å undersøke snødekket. Stratigrafien syner ei smelteomvandla, isotermt og homogen snøpakke. Det vart ikkje observert farleg lagdeling eller spenningar i snødekket. Sjå figur 5 for snøprofil for området. Sjå <https://www.regobs.no/registration/304053> for innmelding til snøskredvarslinga. Under synfaringa vart det ikkje observert ferske skred eller andre teikn på instabilitet.



Figur 1: Ved skredpunkta Krokavatnet VI(ura) og Krokavatnet VII er vegen lagt tett inntil ei sidebratt fjellside.




Figur 2: Losneområde over vegen ved skredpunktet Krokavatnet VII. Entreprenør hadde allereie frest seg forbi dette området når synfaringa vart utført.



Figur 3: Austlege delar av skredområdet Krokavatnet VI(Ura).



Figur 4: Vestlege delar av losneområdet ved skredpunktet Krokavatnet VI(Ura). Til høgre i forhold til bilete 3.




Figur 5: Snøprofil som syner lagdelinga i snøpakka ved skredpunktet Krokavatnet Vi(Ura).

På synfaringsdagen vart entreprenør kontrollert for sikkerheitsutstyr. Det synte seg at Egil Førde(UE til Mesta) ikkje hadde skrudd på skredsøker eller hadde skredvakt då han freste gjennom skredpunktet Krokavatnet VII. Byggherre gav beskjed om at skredsøker skal vere i sendemodus ved fresing på heile strekningen og det skal nyttast skredvakt ved fresing gjennom skredpunkt. Underteikna er usikker om det finst ein eigen prosedyre for opning av vinterstengd veg men tenkjer at fresing gjennom skredpunkt/skredfarleg terreng kan sidestillast med rydding av ras og dermed er denne prosessen naturleg å legge til grunn.

3. vêrforhold

På synfaringsdagen(25.04.2022) var det skyfritt, nattefrost, tilnærma vindstille og 3° i skuggen på om lag 650 moh kl 12.00. Frå synfaringa ved Krokavatnet 21.04.2022 til 25.04.2022 har det vorte gradvis lågare temperaturar og utover i veka frå måndag 25.04 skal det verte endå kaldare igjen. Sjå figur 6for vêrdata henta frå <https://seklima.met.no/>.



Figur 6: vêrdato 7 dagar tilbake frå observasjonstidspunktet. Henta frå <https://seklima.met.no/>.

4. Vurdering og tiltak

Ut frå snøobservasjonar er snødekket vurdert til å vere utan spenningar og farleg lagdeling. Då kan skredfaren oftast relaterast til sigkrefter (glideskred/skavlbrudd) i snødekket. Snøsiget er temperaturavhengig og nattefrost og låge dagtemperaturar er absolutt gunstig for skredfaren. Ut frå tidlegare nemnte snøobservasjonar er det vurdert som trygt å frese opp skredpunktet Krokavatnet VI (Ura). Ved arbeid i skredfarleg område (skredpunkt) er det alltid ein restrisiko og det er difor viktig at EN har skrudd på skredsøkjar (og kan bruke den) og har skredvakt. Ut over i veke 17 (25.04-01.05) er det meldt nattefrost og låge temperaturar på dagen (3-5°C). Det er likevell viktig at EN følgjer med på temperaturen og dersom det ikkje er nattefrost anbefalst det ikkje å arbeide i område utsett for snøskred. Dette gjeld også dersom det er svært høge dagtemperaturar (>15°C).